



MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet

Møtedato: 25.10.2010

Møtetid: 15:00 - 18:30

Møtestad: Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

Andre som var til stades på møtet:

Økonomisjef under skriv og meldingar og ved handsaming av sak 43
Rådmann og ass. rådmann

Merknader:

Seniorrådgjevar Kjell Helvik i Kvam herad arbeider særleg med spørsmål knytt til kraftutbygging og kommunen sine økonomiske moglegheiter. Han var bedt inn til møte for å informera PØ om dette tema og kva Samnanger kan venta seg av inntekter.

Orienteringar/meldingar:	Deltaking på omdømmeskolen Høgdebasseng Ytre Tysse Miljøgata Ytre Tysse Intensjonsavtale mellom Samnanger, Vaksdal og Fusa om bibliotektenester – søknad om statlege midlar. PØ-utvalet slutta seg til avtalen slik den låg føre. Utbygging av sjukeheimen, oppfølging av vedtak i kommunestyret.
Utvalet sitt kvarter	Aksjon for å få omsett mindre gårdsbruk som ikkje er i drift. Snøbrøyting Drift og vedlikehald av sentralidrettsanlegget.
Dokument utlevert i møtet:	Notat frå ass. rådmann – status pr. 21.10.2010 om høgdebassenget på Ytre Tysse – jnr09/651/10/3555 Notat frå ass. rådmann – status pr. 21.10.2010 Miljøgata på Ytre Tysse – jnr. 09/94/10/3556 Notat frå ass. rådmann – intensjonsavtale til regionalt biblioteksamarbeide – søknad om tilskot jnr. 10/552/10/3574

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 28.10.2010

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
041/10	10/541	Faste saker	
042/10	10/149	Fastsetjing av budsjettrutiner knytt til utarbeiding av budsjett for kontrollutvalet	
043/10	10/514	Finansreglement	
044/10	09/507	Bir Privat - renovasjonsavgift 2011.	

SAKNR. 041/10
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

25.10.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

UTVALET SITT KVARTER:

Tyra Pedersen viste til at det er sendt ut skriv til grunneigarar med småbruk som ikkje er i bruk med tanke på å få folk på bruka. Ho ba om at det vert informert om dette arbeidet i kommunestyret.

Ordførar vil gje slik informasjon på eit av dei første møta.

Øyvind Røen viste til at det var mange eldre sine oppkjørslar mot kommunal veg som vert fyllte med snø når kommunen kjem forbi med brøytereidskapen. Er det mogleg å hjelpa dei som har problem med å rydda sjølv?

Rådmannen ga uttrykk for forståing for problemstillinga, men at det ikkje var mogleg å lova at kommunen sine folk kan ta på seg dette arbeidet. Rådmannen vil likevel sjå om det er mogleg å avgrensa problemet.

Bright Olav Gåsdal viste til innspel om vedlikehald av sentralidrettsanlegget. Han ba om informasjon om kven som no skal ha ansvar for sekretærfunksjon for plassnemnda og vedlikehaldsansvaret. Vil det vera teknisk eller kultur?

Ass. adm.sjef informerte om at det vil verta ei avklaring om arbeids- og ansvarsfordeling mellom kultur og teknisk med det første.

PØ-041/10 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 042/10

FASTSETJING AV BUDSJETTROUTINER KNYTT TIL UTARBEIDING AV BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET

25.10.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet var samd med kontrollutvalet sitt framlegg. Det må presiserast at budsjettet til kontrollutvalet sitt framlegg må vera inne til kommunen innan 1. november.

PØ-042/10 VEDTAK:

Skisse til årshjul/rutine for budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet vert vedteke slik det er forma i saksutgreiinga. Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett skal liggja føre innan 1. november.

SAKNR. 043/10**FINANSREGLEMENT****25.10.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

Handsaming i møtet:

Bright Olav Gåsdal sette fram slikt framlegg:

Framlegg til finansreglement med vedlegg dagsett 25.10.10 vert vedteke slik det ligg føre.

PØ-043/10 VEDTAK:

Framlegg til finansreglement med vedlegg dagsett 25.10.10 vert vedteke slik det ligg føre.

SAKNR. 044/10**BIR PRIVAT - RENOVASJONSAVGIFT 2011.****25.10.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

Handsaming i møtet:

Marit A Aase sette fram slikt framlegg som vart samrøystes vedteke:

Samnanger kommune vedtar at BIR Privat as. får delegert fullmakt til å fakturera og krevja inn avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune. Jmf. § 11 i Forskrift om handtering av hushaldningsavfall. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.

Samnanger kommune vedtek ein auke i prisen på renovasjonstenestene på ca 3,4%. Ny pris for ein gjennomsnittskunde vert då kr 1.943,- for 12 tømningar, 6 tømningar pr. halvår. Alle prisar er eks. mva.

PØ-044/10 VEDTAK:

Samnanger kommune vedtar at BIR Privat as. får delegert fullmakt til å fakturera og krevja inn avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune. Jmf. § 11 i Forskrift om handtering av hushaldningsavfall. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.

Samnanger kommune vedtek ein auke i prisen på renovasjonstenestene på ca 3,4%. Ny pris for ein gjennomsnittskunde vert då kr 1.943,- for 12 tømningar, 6 tømningar pr. halvår. Alle prisar er eks. mva.

